

**Referat frå leiarmøte i Rsg på Quality Airport Hotel Sola 14. og 15. oktober 2005.**

Referert av Ove Myklebust.

**Fredag 14. oktober.**

Leiar i Rsg Sigmund Skjæveland ønskte velkommen. Det mangla påmelding frå 6 lokallag, men Sigmund sa at laga har vore gode til å melda seg på i år.

Jostein Seldal tok oppropet.

Bioingeniør Elin Skårlund Frøyland om test mottakelegheit for skrapesjuke.

Elin sa at skrapesjuke er ein prionsjukdom.

Kan oppstå spontant eller får smitten gjennom munnen eller sår.

Det er 3 fasar med symptomar: 1. fase er dei klumsete og drikk ofte og lite. 2. fase klør og mister dei ull. Drikk og no ofte og lite om gongen. 3. fase vil dei helst liggja og dei daudar til slutt.

Det går an med ein blodprøve å finna ut om verane har genar som er mottakeleg, delvis mottakeleg eller resistente mot skrapesjuke.

Denne blodprøven kostar det 250 kr for å få analysert + kostnaden med å ha dyrlegen til å ta prøvane i besetninga. I 2004 stod resultatet av genotypetesten på seminverane i seminkatalogen. Dette året vil dette ikkje verta tatt med i seminkatalogen. Statens veterinær senter i Sandnes har utstyr til å testa mottakelegheitene av skrapesjuke. Det er verane som har kombinasjonen ARR/ARR som er sterkest mot skrapesjuke.

Per Johan Lyse stilte spørsmål om det ville koma påbod om å bruka gode verar når det gjeld skrapesjuke.

Egil Svela spurde om ein bør bruka verar med VRQ. Svaret var her nei.

Knut Tunheim opplyste at Martha Ulvund har sagt at gode verar mot skrapesjuke og er gode mot anna sjukdom. Han stilte og spørsmål om vi ikkje bør ta blodprøvar av prøveverane som er vorte avkomsgrenska og skal setjast inn som eliteverar. Ved å ta blodprøvar vil ein kunna forbetra dyremateriale mot skrapesjuke ganske fort.

Jonas Fjermestad sa at Time veraring testa alle verane mot skrapesjuke i 2004. Han synest 250 kr + dyrlege vert dyrt.

Bjørn Laugaland: Bør vi ikkje leggja stor vekt på gentesting?

Tobias Skretting: Kan folk verta smitta av skrapesjuke. Elin meinte at det kunne skje, men at det ennå ikkje var bevist.

Trygve E. Ravndal spurde om kva krav ein stillar til verar som vert importert i frå utlandet?

Svaret var at dei i utgangspunktet skal stå 2 år i karantene i Norge. Har landet der verane vert kjøpt like strenge overvåningsprogram eller strengare enn Norge, slepp verane stå i karantene.

Nestleiar i Nsg Erik Fløystad.

Ca 80 % av dei som driv med sau er med i sauelag.

Medlemmane i Nsg nyt godt av eit fagleg og sosialt fellesskap- lokalt, regionalt og nasjonalt.

Sauebonden driv med kulturlandskapspleie. Vi må få opp sjølvbilde for å få betre ramme-vilkår. Betre pris til bonden for dyra og for den jobben dyra gjer. Nsg hadde eit krav i 2005 på 150 kr per dyr på utmarksbeite, men fekk det same som i 2004 på 84 kr.

Sauen og geita er politiske dyr. Det må gjevast tilskot til beitande dyr. Kasmirgeita er god til å rydda beite. Sauen ryddar beite rimelegare enn å tilsetja folk til dette arbeidet.

Avrekningsprisen på lam, ung sau, sau og ver har gått ned dei seinare åra. Dette må vi sjå på. Forholda til å drive med sau er svært ulike i dette landet. Vi må få i stand effektiv inntransport av slakt. Kan vi få til lønnsam eksport av lam? Skal ein lage til nisjeproduksjon av lam må ein ha ei god historie bak. Vi må gjera lammesesongen lengre. Nor 98 kan kanskje samanliknast med ein slags alsheimer på folk.

Rovdyrmeldinga: Ein skal få erstatning ut i frå oppstått skade.

Holdforskrift: Denne vart meir lempeleg etter at reglane var ute på høyring i sauelaga. Eit døme på dette er at det no skal vera brannvarslingsanlegg ved 30 sauar og oppover. Det opprinnelege forslaget var frå sau 1. Vi må få politisk gjennomslag for sakene vi kjempar for. Organisert beitebruk er ei sak vi må kjempe for.

Jostein Seldal: Han er opptatt av økonomien i sauehaldet. Prisen på lam, ung sau og sau har gått nedover dei siste åra. Jostein etterlyste større engasjement frå Nsg for å få opp att prisane på lam og sau. Feittgruppe 3- må vera med på stjernelamtillegget heile året. Vi må kunna ta ut meir pris i marknaden for stjernelam, slik at sauebonden ikkje vert trekt på avrekningsprisen for å finansiera stjernelamordninga.

Svar: Om prisen på lam går opp med 10 kr pr kg er det fortsatt dårleg pris på lam. Vi har 2 møte i året med Gilde Norsk Kjøtt. Erik Fløystad set dessutan i konsernrådet i Gilde Norsk Kjøtt. Gilde Norsk Kjøtt har og verdikjedeutval på sau som skal ivareta sauebøndene sine interesser. Her er Arnold Helland frå Bjerkeim med.

Gunnar Bokneberg sa at sauen er kulturarbeidar. Vi må leve god kvalitet på lamma når forbrukarane vil ha lamma. Kvalitetsslam som vert levert tidleg på året må ein få god pris for.

Svaret var at lam som vert levert før slaktesesongen bør ein ha ein slags avtale/kontrakt på.

Bjørn Laugaland meinte vi må passa oss for å kritisere hyttefolk. Vi må ta vare på folk som er positive til sauehaldet og han viste til turistnæringa.

Egil Svela sa at prisen på lam og sau har godt ned mykje. Gilde Norsk Kjøtt er med å set prisen på lam og sau. Fatland slakterier og Prima slakteri ligg på same pris.

Tobias Skretting meinte vi må arbeida i saman for god kvalitet på lam og at vi må ta vare på utmarka der sau og lam skal beita.

Trygve E. Ravndal meinte det var uheldig at stjernelamtillegget vart tatt bort frå feittgruppe 3- frå 26. sept. Det er same feittmengden på eit 3- lam før og etter 26. sept.

Svaret var at avrekningsprisen på lam må verta høgare og at godtgjersle til saueprodusentane for arbeidet som vert gjort med og av sauen er for låg.

Berit Pettersen sa at dei under verlamkåringa brukte Norsk Sau og Geit kjeledress. Dette for å profilera Sau og Geit.

Bjørn Høyland sa at vi må samarbeida med slakteria om avl på sau. Slakteria veit kva kvalitet lamma bør ha. Vi må verta betre med sau på den enkelte gard. Her kan vi utarbeida eit opplegg i lag med Nsg.

Svar: Det er viktig å profilera seg. Gilde Norsk Kjøtt har visningsbruk på sau rundt omkring i landet for å verta best på sau. Tal viser at det ikkje er betre økonomi på store sauebruk.

Tobias Skretting sa at det er problem å få leiar til sauelag.

Bjørn Laugaland sa at vi må verta flinkare til å gje skryt når noko er bra, ikkje berre sei i frå når noko ikkje er bra.

Sigmund Skjæveland viste til ein artikkel i Sau og Geit om ein produsent frå Sogn og Fjordane som var nøgd med prisen på lam på grunn av at han hadde oppnådd gode slakte-klassar. Bør slike artiklar stå i Sau og Geit når dei fleste sauebøndene er misnøgd med prisen på lam?

Knut Tunheim meinte at Nsg må med i forhandlingane om prisprøgnose på lam.

Nils Petter Arrestad etterlyste fleire punkt i brosjyra frå Nsg "om å bli medlem du og".

Han var for lik pris på lam til produsent heile året.

Nils A. Helland meiner og prisen på lam er for låg til produsent. Vi må kjempa for ei leveleg lønn til sauebøndene. Tar vi hensyn til generell kostnadsutvikling og konsumprisindeksen skulle prisen på lam til produsent i dag ha vore nærmere 100 kr pr kg lammekjøtt.

Leiar i Rsg, Sigmund Skjæveland.

Sigmund meinte vi må få fleire ungdommar og kvinner til leiarmøte. Målet med leiarmøte er å få ut informasjon og utveksle erfaringar. Etter påtrykk frå Rsg skal landsmøte haldast før 15. mars. Vi må arbeida i saman for sauebøndenes beste.

Det vart bestemt ny logo på Landsmøte. Laget heiter no: Norsk Sau og Geit, før Norsk Sau- og Geitalslag. Egersund småføl kan ha sitt namn. Lokallaga må ha årsmøta innan fristen som er 1. februar.

Sigmund stilte spørsmål om vi er ein sovande organisasjon. Rsg må få innspel frå lokallaga. Styret i Rsg har bestemt at det skal sendast eit skriv om prisar på lam og stjernelam til Gilde Norsk Kjøtt med kopi til Bondelaget og Bonde og Småbrukarlaget.

Vi må framleis ha fokus på å vera nye medlemmer. Rogaland hadde dei 3 beste veverane i vervekampanjen. Vi er likevel ikkje gode nok til å vera nye medlemmer. Alle medlemmer bør gå ut og prøva å vera nye medlemmer til sauelag.

Fjelldagane: Det vart gjort ein feil i forbindelse med budsjettet for fjelldagane. Dessutan vart båtturen på Telemarkskanalen rimelegare enn budsjettet. Deltakarane vil få 155 kr tilbakebetalt pr dag dei var på fjelldagane.

Det er no 143 bekrefta påmelde til Islandsturen i 2006.

Sigmund sa at Berit Pettersen gjer ein god jobb som kåringsansvarleg i Rogaland. Ho har og arrangert kurs for kåringsdommarar og PC sekretærar.

Det er skrive ny ullavtale mellom Norsk Sau og Geit, Fatland Gjesdal Ull AS og Gilde Norsk Kjøtt. Ved samling av ull av lokallaga i samsvar med ullstasjonane sine retningslinjer om kostnadseffektiv inntransport, vil det verda utbetalte 85 øre pr kg til lokallaga for innsamling/ levering av ulla. Det vil verda utbetalte godtgjersle for alle produsentane lokallaget organiserer inntransport for, og som vert registrert på laget si liste, uavhengig om produsenten er medlem eller ikkje.

Agrovisjonen skal foregå på Stavanger Forum 4. og 5. november 2005. Under småfeseksjonen på laurdag skal Synnøve Vatn frå helsetjenesten på sau snakka om vi er i ferd med å mista kontrollen over snyltarhandsaminga på sau. John Olav Husabø skal snakka om sauebonden og forbrukarane er einige om kvalitetten på slaktelam. Birger Aasland frå Fylkesmannen skal snakka om import av embryo av saueraasen Dorset frå New Zealand.

Tysvær Sau og Geit skal vera arrangør av årsmøte i Rsg 24. og 25. februar 2006.

Kom tidleg med innspel og idear til jordbruksforhandlingane.

Vising av verane på Særheim laurdag 29. oktober. Det vert ikkje testing av prøveverar på Særheim dette året. Vi må bruka säd i frå Særheim. Det står fleire toppverar på Særheim. Det er mindre omløp på fersk säd i forhold til frosen säd.

#### **Oppsummering av det som sauelaga var opptatt av og økonomien i laga.**

Det var 21 sauelag som uttalte seg.

Dei fleste laga har bra økonomi, men dei minste laga slit økonomisk. Ullinnsamling og godtgjersle for dette til laga er med på å styrka økonomien til laga. Ein del sauelag har stabilt medlemstal, men medlemstalet i dei fleste laga er synkande. Nokon sa at kontingenenten for å vera med i eit sauelag er for høg.

#### **Aktivitet i dei forskjellige sauelaga:**

Sel gjerdnett og pålar som gjev overskot til laget.

Sponsar med 1000 kr for at skular skal få kjøpa inn slaktelam. Stiller med heile lam og folk til å dela opp lam på skular.

Bondekafe.

Skotpremie på rev varierer frå 100 kr til 400 kr.

3000 kr til beste rovdyrjegar.

5 kr pr vinterföra sau til skotpremie på rev.

Medlemsmøte om gjenngroing.

Grilling av lam i sauelag og i samarbeid med svineavlslaget.

Organiserer klipping av sau.

Klippekurs. Sponsar klippekurs.

Fotturar. Sommarturar. Vår og haustturar.

Leiger eigen buss til fjelldagane.

Fårikål til middag under årsmøte.

Festival med grilling av heile lam og lårskiver.

Båtturar.

Arrangerer kåring av verlam.

Med på Gladmatfestivalen.

Miljøplan.

Sviing av areal.

Eit lag leiger ut kåra verlam til medlemmene sine.

Fjøsmøte/fagmøte. Felles haustmøte med fleire lag om hausten. Fagmøte i lag med Bondelaget.

Innsamling av ull frå medlemmene.

Hundekurs.

Klatrekurs.

Tilskot til 4 H lag. Premiert 4 H oppgåve.

Gjetarhundnemnd.

Semininemnd.

Sauabingo.

Smalahovefest.

Enkelte lag har stor aktivitet, men i ein del sauelag er aktiviteten på eit minimum.

Det vart stilt spørsmål om Ølen skulle vera med i Rsg. Rsg må ta kontakt med Ølen Sau og Geit.

### **Referat frå leiarmøte på laurdag 15. oktober.**

Berit Pettersen, Kåringansvarleg i Rogaland.

Det er 15 kåringdommarar i Rogaland. 5 av desse er kvinner. Det er ein fin gjeng. Vi har hatt dommarkurs for å verta meir samkjørte. Kvar person bør vera kåringdommar på minst 3 plassar. Ullprøvane må ikkje takast for langt bak på krysset. Det er viktig med reinslighet.

#### **PC kåring.**

Det har enkelte plassar vore innkøyningsproblem. Verlam som skal kårast skal sendast skriftleg til PC sekretær innan 5 dagar før kåringa.

Etter skrapesjuka vart det på grunn av lite ættepoeng kåra verlam på dispensasjon. Dette vil no verta vanskeleg.

Dei lokale sauelaga må på årsmøta bestemma kva tid dei vil ha kåring og kor mange dommarlag dei vil ha.

I 2005 stilte 253 sauebønder med 1429 lam til kåring. Det er 2 utstillarar og 14 lam meire enn i 2004. Av 1429 lam vart 302 lam vraka, 21,1 %. I 2004 vart 318 lam vraka, 22,5 %. I 2005 gjekk 80 lam ut på grunn av for dårlige bein og 78 lam ut på grunn av ullkvaliteten. Bein og ullkvalitet var største utrangingsårsak.

På Strand har dei ein rund kåringbinge. Det er då lett å sjå bein og beinstilling.

Nils Petter Aarestad spurde om det var lov til å ha lamma i eigen kåringbinge.

Svaret var ja.

Nedstrand og Tysvær fekk skryt over kva dei har fått til i forbindelse med kåringa.

Torfinn Flesjå. Vi skulle starta opp kl 9:00, men kom ikkje i gong før klokka 10:00 på grunn av PC sekretären.

Svaret var at det skulle verta i orden i 2006.

Trygve E. Ravndal meinte at reglane for kåring burde vore sendt ut før kåringa. Det var fleire som ikkje visste kor mange poeng lamma må ha for å verta kåra.

Peder Ravndal meinte det bør gå an å senda ei fil frå bonden til innmelding til PC kåring. Det må då vera ei sperre dersom ikkje lammet held krava og sumpoeng.

Knut Tunheim meinte det er Flåten som bør avgjera ullkvaliteten på kåringsslamma.

Nils Petter Aarrestad sa at ulla bør vera bedømt før lamma kjem til kåring og at lamma bør verta bedømt utan ull.

Bjørn Høyland sa at ullfellane til verlam som skal inn i ring skal inn til ullstasjonane for bedømming. Dette for å få lik bedømming over heile landet.

Ola Jordebrekksa at lam som hadde fått 8 i ullkvalitet på kåring fekk 10 i ullkvalitet på ullstasjonen. Kåringdommarane trakk på ullkvalitet på grunn av kort ull.

Trygve E. Ravndal sa at 4 lam vart vraka i Gjesdal på grunn av svarte hår i ullfellen.

### **Kjøttkåring 2005 i Rogaland ove Myklebust.**

Gilde Norsk Kjøtt i lag med sauelaga har ansvar for kjøttkåringa. Det er kjøttkåring på same dag som O- kåring på Karmøy/Skåre og i Time. Her var det tilsaman 18 utstillarar som kom med 200 lam. 165 av desse vart kåra, ein vrakingsprosent på 17,5. Flesteparten gjekk ut på grunn av ullkvaliteten, for kort ull, svarte flekkar og hår i ulla. Det har vore heimekåring på 7 plassar og vorte kåra 26 verlam. Dei fleste av dei lamma som ikkje vert kåra på heimekåringa går ut på grunn av for lågt kjøtmål. I 2005 vart det kjøttkåra 46 fleire verlam enn 2004.

Avlssjef Thor Blichfelt, leiar i avlsrådet Bjørn Høyland og leiar i avlsutvalet i Rogaland Knut Sveinung Kleppa.

Avlsarbeid på sau, seminbruk og omorganisering.

Thor Blichfelt, som er utdanna dyrlege, er tilsett i nyopprettet stilling som avlssjef frå 1. juni 2005. 40 % av tida skal han arbeida i NSG Semin AS. Thor har hatt mange forskjellige oppgåver i Norsvin og har og vore avlkskonsulent på geit. Han har og arbeidd 13 år i IT-bransjen. Thor er opptatt av å få mest mogleg framgang i avlsarbeidet på sau. Godt avlsarbeid skal lønna seg.

### **Omorganisering. Mål og tiltak.**

Mål: Auka det økonomiske utbytte i næringa gjennom endå betre avlsarbeid.

Tiltak:

Innføring av avlsregionar. Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane vil verta ein avlsregion. Ein av Fylkesleiarane på avl skal inn i regionutval sauvel.

Oppretta stillingar som regionkonsulentar. Det skal verta 4 regionar. Personar som vert tilsett som regionkonsulentar skal vera sekretær i regionen og sekretær for avlsutval sau i Fylka.

**Oppgåvefordeling.**

Regionen: Bidra til å skaffa avlsmessig framgang.

Bistå ringen.

Fylket: Spredning av avlsmessig framgang, kåring og avlsverar utanom ring.

Ringen: Skapa avlsmessig framgang, eliteparing, påsett, gransking, eliteverar, seminverar og lokale verar.

Bidra til spredning av framgangen gjennom indeksverar og kåra lam.

Knut Sveinung Kleppa sa at det ville verta danna 2 ringar i Rogaland. Ein for Norsk Kvit Sau og ein for Spælsau. Dette skal vera den økonomiske/juridiske eininga. I tillegg skal ein rundt i Fylket ha fleire testeiningar, minigrupper.

Sigmund Skjæveland spurde korleis ein skulle få tak i regionkonsulentar og kva tid dei kunne vera på plass.

Svaret var at dei skulle prøva å finna folk som allereie arbeidde innan området sau og få personane på plass før påske. Vi må og få råd til å tilsetja regionkonsulentar.

Bjørn Høyland: Vi skal verta god på sauveal i framtida. Det skal verta styrt bruk av semin-verane. Dette for å unngå innavl. Avlsrådet skal kvart år velja ut eliteverane som skal brukast i ringane. Ein vaksen ver produserer ca 1000 dosar i løpet av ein sesong. Eit sprang gjev ca 30 dosar.

Trygve E. Ravndal stilte spørsmål om bruk av eliteverane. Dersom ein bestiller 15 dosar av beste elitever, vil ein då få 5 dosar og reservever for resten? Han lurtet og på kor mange søner etter elitever testgruppa har sjølv som ein kan bruka som prøveverar.

Svaret var at dei i utgangspunktet ville få 5 dosar av beste elitever. Vi må styra paringa og påsettet. Det bør ikkje setjast inn meir enn 2 kåra verlam med same far i ein ring. Kan setja inn fleire søner der ringen sjølv har eliteveren. Det kjem til å verta høgare tilskot for verar der det har vore styrt påsett.

Nils Petter Arrestad: Kva er gode verar? Vi må ta meir omsyn til delindeksane og ikkje setja på verar med låg delindeks.

Knut Sveinung Kleppa

Semin i Rogaland. Vi kan bruka fersksæd både frå Særheim og Blindheim. Dessutan har vi frosen sæd frå Staur. I årets seminkatalog som kom med siste nr av Sau og Geit står det omtale av verane både på Staur, Blindheim og Særheim. På Særheim har dei fått ein ny elitever frå Bjerkreim og ein frå Vest-Agder som heiter Mosraen. Det vil og verta sett inn 2 nye eliteverar etter fjorårets prøveverar. Fersk sæd frå Særheim skal sendast til store delar av landet, spesielt etter at sesongen for Rogaland er på hell. Det er og aktuelt å frysa ned sæd frå Særheim på Staur.

Thor Blichfelt meinte vi må ha eitt avlsnorge på sau.

Semin , årets tiltak.

Seminforsøk.

Skal sjå på haldbarheit på fersksæd. Bruk av fersksæd etter 12, 24 og 36 timer etter sæd-tapping skal samanliknast. For å vera med i forsøket må ein inseminera minst 30 sauar. Gratis sæd til dei som er med i forsøket. Thor Blichfelt sa at det er flott at folk stiller opp i forsøk.

Seminaksjon

NSG Semin AS skal i haust arrangere fjøsmøte der ein tar for seg brunstkontroll og inseminasjonsteknikk. (tining, etterarbeid)

Fersk sæd har lengre levetid i sauen enn frosen sæd. Frossen sæd skal etter tining inn i søya snarast mogleg. Fordel med romtemperatur.

For å verta naboinseminør må ein ha tillating av mattilsynet. Det er viktig at alle i ein ring kan få tak i inseminør.

Ringdrifta framover.

Ringens skal vere robust, fagleg og økonomisk.

Einingar som utvekslar prøveverar er sikker gransking.

K-indeksen vert ein rein kjøttindeks.

M- indeksen kjem til å gå bort.

Kan verta eit krav om å setja på døtre etter prøveverar. (avlsmessig framgang)

Aktuelt å gå ned til 20 % eliteparing.

Kan få lov til å bruka kjøttver på ein del av besetninga, men desse lamma må ikkje setjast på til livdyr.

Knut Sveinung Kleppa.

Vi må ta ut dei beste verlamma frå ringmedlemmene.

Trygve E. Ravndal: Kvar ringmedlem bør ta med dei 4 beste verlamma til kåring.

Det vart stilt spørsmål kva som var dei beste verlamma.

Svaret var at det var dei lamma med høgaste poengsum.

Avlsarbeidet framover.

Avlsmålet.

Mordyret: Lammetal, lammetap, morevne, mastitt og haldbarheit.

Slaktedyret: Slakteprosent.

Det skal og takast hensyn til ull.

Vi må registrere mastitt, værvekt, lammetal vår og ull.

Indeksberrekningane.

Det skal lagast eit nytt indeksberekningsprogram: DMU.

Ein pulje for heile landet.

Vi må få større tilslutnad til sauekontrollen. I dag er ca 30 % av sauene med i kontrollen.

Fagleg fokus på sauekontrollen kan vera med å styrkja drifta på eigen gard. Tal frå sauekontrollen er med å gjer avlsarbeidet sikrare.

I samarbeidsrådet for sauekontrollen set det ein person frå kvar: Fagsenteret for kjøtt, Gilde Norsk Kjøtt, Kjøttbransjens landsforbund og Nsg.

Aksjon: 3 lam om hausten er meir lønnsamt enn 2.

Peder Ravndal takka for pengane han hadde fått av lokallaga til støtte til tevling i saueklipping under Bjerkreimmarken.

Egil Svela opplyste at dei hadde bilette frå VM i saueklipping i Australia dei kunne visa.

Sigmund Skjæveland takka til slutt for møtet og ønskte vel heim.

Leiarmøte var slutt kl 12:00 laurdag den 15. oktober.

[Tilbake](#)